

**KONTROLLUTVALET I
GISKE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 10.10.2011 kl. 12.00

Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Dag Oksnes

Elles til stades:

Anne Lise Hessen Følsvik, Gunnar Morsund, Petra Riste Synnes

= 4 voterande

Anne Lise Hessen Følsvik var tilstades i sakene 10, 12 og 13.

Ove Paulsen møtte ikkje.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei.

Frå Giske kommune møtte økonomisjef Sigmund Strand i sak 11/11.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Sakene vart behandla i denne rekkefølgen:

SAK 10/11

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 31. MAI 2011

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 31. mai 2011 blir godkjent.

SAK 12/11

**PRAKTISERINGAV OFFENTLEGLOVA, AJOURFØRING AV POSTJOURNAL OG
SVAR OG FORHOLDET TIL FRISTAR I FORVALTNINGSLOVA**

Rapport med tittel som nemnt ovanfor.

Innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 05.10.2011:

1. Kommunestyret syner til rapport om praktiseringa av offentleglova, journalføring, svarfristar m.m. og bed administrasjonen vurdere å gjennomføre dei forslaga til forbetringar som rapporten inneheld, jf. pkt.7.1 og 7.2.
2. Rapporten vert elles teken til vitande.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

1. Kommunestyret syner til rapport om praktiseringa av offentleglova, journalføring, svarfristar m.m. og bed administrasjonen vurdere å gjennomføre dei forslaga til forbetringar som rapporten inneheld, jf. pkt.7.1. og 7.2.
2. Rapporten vert elles teken til vitande.
3. Kontrollutvalet anbefaler rådmannen å bruke rapporten i den interne opplæringa.

SAK 13/11

**PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – GJENNOMGANG AV
RESSURSBRUK OG RUTINAR INNAN SPESIALUNDREVISNING I GISKE
KOMMUNE**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.10.2011

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sluttar seg til dei problemstillingane som kjem fram i prosjektplanen og den tidsplanen som er skissert i same dokument.

SAK 14/11

REFUSJON FRÅ PRIVATE BARNEHAGAR TIL KOMMUNEN – KONTRLL M.V.

Det vart gitt ei orientering av kommunerevisjonen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil kome meir detaljert tilbake til saka på eit seinare møte.

SAK 11/11

REKNESKAPSOVERSYN PR. 30.04.2011

Saksutgreiing datert 03.10.2011 frå kontrollutvalsekretariatet

Økonomisjef Sigmund Strand supplerte med oppdatert økonomisk informasjon.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ser med uro på den økonomiske situasjonen til Giske kommune slik denne kjem til uttrykk i rekneskapsoversyn pr. september – oktober 2011 med ei mulig underdekning på 25 mill. kroner, noko som tilseier iverksetting av tiltak.

Dag Oksnes
Leiar
(sign.)

Anne Lise Hessen Følsvik
medlem
(sign.)

Gunnar Morsund
medlem
(sign.)

Petra Riste Synnes
medlem
(sign.)